

Tabell 2-fk

Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2019 (kap. 572, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot med særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 11 i tabell C-flk). Deretter skjer det ei omfordeling mellom fylkeskommunane på grunn av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde fylkeskommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2020. Utgiftsutjamninga og skatteutjamninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Det blir kvart år gjort korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå, nye oppgåver, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2019 er viste i innleiringa og er nærmere omtalt i Prop. 1 S (2018–2019) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning, blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. juli 2018. Skatteutjamninga blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. januar 2019.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løyving på kap. 572, post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-flk) er trekte frå. Løyvinga på kap. 572, post 60 er i underkant av 33,6 mrd. kroner. Av dette blir om lag 3,1 mrd. kroner gjeve med ei særskild fordeling.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle fylkeskommunane. For 2019 er innbyggjartilskotet før omfordeling (ekskl. sakar med særskild fordeling i tabell C) 5 736 kroner per innbyggjar.

Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga i utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er nærmere dokumenterte i tabell A-flk.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser fordelinga av ti saker med særskild fordeling i 2019. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er nærmere dokumentert i tabell C-flk.

Kolonne 4 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning

Kolonne 4 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2019, i alt 33,566 mrd. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, saker med ei særskild fordeling. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 3. Kolonnen er òg vist i tabell 1-flk, kolonne 1.